



Halvårsplan hausten 2026

Ringstad barnehage



HEVSDALSVEGEN 44 | 6200 STRANDA

KVA ER EIN HALVÅRSPLAN?



Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har. På bakgrunn av rammeplanen utarbeidar vi ein halvårsplan som skal spegle dei ulike fagområda frå Rammeplanen 2017. Dette gjer vi gjennom bruk av tema, mål og metodar. Når halvårsplanen er laga er det den vi tek utgangspunkt i når vi skriv vekeplanar.

KVA ER RAMMEPLANEN ?

Rammeplanen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Målet med rammeplanen er å gi styraren, dei pedagogiske leiarane og personalet elles ei forplikta ramme for å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til barnehagen. For å lette planlegginga av eit variert og allsidig pedagogisk barnehagetilbod er innhaldet delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring.

Fagområda er i rammeplan er:


- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsele, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



Veke	TEMA
32 - 35	Tilvenning og vennskap
36 - 38	Brannvern
39 - 42	Forut – barn i andre land
43 - 47	Barnelitteratur
48 - 52	Jul
1 - 3	Barnelitteratur



Tema: Matjungelen



Mål



Vi skal utforske temaet naturens ressurser og bli kjent med naturen og nærmiljøet rundt barnehagen.
Vi utforskar kva råvarer som veks og modnast gjennom årstidene for deretter å bruke dette i matlaging. <https://youtu.be/CptguPq8JEk>



Få erfare og oppleve berekraftige prosessar i naturen, som å så, hauste og kompostere

Få erfare korleis vi kan bruke dei ulike råvarene i måltida våre

Få erfare korleis vi kan bruke dei ulike råvarene i måltida våre

Få erfaring med å lage mat frå grunnen av, med kjente matvarer

Få erfaring med å lage mat frå grunnen av, med kjente matvarer

Få erfaring med å lage mat frå grunnen av, med kjente matvarer

Få erfare at råvarer kan vokse og modnast i naturen

Få erfare at råvarer kan vokse og modnast i naturen

Få erfare at råvarer kan vokse og modnast i naturen

Få erfare at råvarer kan vokse og modnast i naturen

Få sanselege opplevingar knytt til ulike smaks-opplevingar

Få sanselege opplevingar knytt til ulike smaks-opplevingar

Få sanselege opplevingar knytt til ulike smaks-opplevingar

Få sanselege opplevingar knytt til ulike smaks-opplevingar

Få sanselege opplevingar knytt til ulike smaks-opplevingar

Alder

1-2 år

2-3 år

3-4 år

4-5 år

5-6 år

Metoder

Fjellet

Matlaging
Tørre å smake
Sang og fortelling
Deltakande barn
Temaplansje og snelle



Bygda

Matlaging
Tørre å smake
Sanke og hauste frå naturen
Samlingsstunder
Turar i nærområdet
Temaplansje



Fjorden

Matlaging
Matmot (tørre å smake)
Sanke og hauste råvarer frå naturen
Få erfaring med å planlegge gode og sunne måltid
Samlingsstunder
Turar i nærområdet
Temaplansjer og snelle
Smake på mat frå ulike kulturar og tradisjonar

Tema: Tilvenning og vennskap Veke: 32 - 35



Mål	I barnehagen vert grunnlaget lagt for dei første vennskapserfaringane barnet får. Dei vaksne i barnehagen skal tilrettelegge for at barna trivast saman med alle i barnehagen, og gi hjelp og støtte til korleis vere ein god venn for andre. Å vere trygg og kjent med barna og dei vaksne i gruppa, er viktig for å føle seg som ein del av eit fellesskap			Dei vaksne må inspirere dei eldre barna til å vere gode rollemodellar for dei yngre barna.	
				Fremje barna sin sosiale kompetanse gjennom leikeerfaringar	Fremje barna sin sosiale kompetanse gjennom leikeerfaringar
				Utvikle respekt og empati for kvarandre. Samtale om problemløysing.	Utvikle respekt og empati for kvarandre. Samtale om problemløysing.
				Barna skal få oppleve tilhørigheit og fellesskap	Barna skal få oppleve tilhørigheit og fellesskap
	Barna blir trygge på kvarandre og dei vaksne	Barna blir trygge på kvarandre og dei vaksne	Barna blir trygge på kvarandre og dei vaksne	Barna blir trygge på kvarandre og dei vaksne	Barna blir trygge på kvarandre og dei vaksne
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metoder		
Fjellet	Bygda	Fjorden
Leikegrupper inne og ute Turar i nærområdet Bøker og fortellingar om vennskap Song og musikk Formingsaktivitetar Temaplansjar og snelle Matjungelen: Fellesskap rundt måltid	Samlingar om temaet Å lese i fellesskap med andre barn Gode leikegrupper Formingsaktivitetar i fellesskap Tilstedeverande vaksne – rollemodellar Temaplakat og snelle Matjungelen: samhold og fellesskap rundt måltid og matlaging	Samlingar om temaet Bøker knytt til vennskap Formingsaktivitetar Leikegrupper Song og musikk Temaplansjar og snelle Matjungelen: samhold og fellesskap rundt måltid og matlaging

«Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler» (Rammeplanen, 2017, s.11)

Tema: Brannvern veke: 36 - 38



Mål 	Kvart år i veke 38 er den årlege brannvernveka. Formålet med dette er å auke bevisstheita om brannvern. Under dette temaet nyttar vi oss av brannbamsen Bjørnis, som er ei nasjonal satsing knytt til brannvernsopplæring i barnehagen. Bjørnis gir omsorg og tryggleik til barn ved brann og andre ulykker, og gir gode råd om brannvern til både store og små. 					Ta Bjørnis med heim, og vere brannkonstablar i eigen heim.
				Snakke med barna om korleis brann kan oppstå heime og i barnehagen	Snakke med barna om korleis brann kan oppstå heime og i barnehagen	
				Lære/få kjennskap til Bjørnis-dansen	Lære/få kjennskap til Bjørnis-dansen	Lære/få kjennskap til Bjørnis-dansen
	Få kjennskap til omgrepa: flamme og vatn brannbil, brannhydrant, brannkonstabel,	Få kjennskap til omgrepa: flamme og vatn brannbil, brannhydrant, brannkonstabel,	Få kjennskap til omgrepa: flamme og vatn brannbil, brannhydrant, brannkonstabel,	Få kjennskap til omgrepa: flamme og vatn brannbil, brannhydrant, brannkonstabel,		
	Bli kjent med Bjørnis. Enkle omgrep om brann	Bli kjent med Bjørnis. Enkle omgrep om brann	Bli kjent med Bjørnis. Enkle omgrep om brann	Bli kjent med Bjørnis. Enkle omgrep om brann	Bli kjent med Bjørnis. Enkle omgrep om brann	
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år	

Metoder

Fjellet	Bygda	Fjorden
Vi nyttar oss av opplegget om brannbamsen Bjørnis Turar i nærmiljøet Songar om temaet Bøker og forteljingar om tema Sjå på brannbil Brannøving Temaplagsjar og snelle Forming	Vi nyttar oss av opplegget om brannbamsen Bjørnis Turar i nærmiljøet Sjå på brannbil Songar og filmar om tema Bøker og forteljingar om tema Brannøving Samtaler om tema Forming Temaplagsjar og snelle	Vi følger opplegget om brannbamsen Bjørnis Songar og filmar med fokus på temaet Sjå på brannbil Brannøvingar Temaplagsjar og snelle Samtaler med barna om tema brannvern og evakuering

«I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling» (Rammeplanen, 2017, s.22)





Tema: Forut – barn i andre land veke: 39 - 42



Mål



Kvart år har vi Forut-aksjon i barnehagen, som har fokus på barn frå andre land. Forut er eit pedagogisk opplegg om korleis andre barn i andre land lever i forhold til oss i Norge. Dette gir kunnskap om globale forskjellar, ulikheiter, samt likheiter. Dette viser samanhengar på eit nivå som barna forstår og synest er spennande.



Få kjennskap til barnrettigheitane
Få kjennskap til ulike kulturar, tradisjonar og levemåtar.
Lære litt om forurensing i naturen og havet

Få innblikk i livssituasjonen, kulturen og kvardagen til Sanjana.
Gjere seg kjent med ein globus

Få innblikk i livssituasjonen, kulturen og kvardagen til Sanjana.
Gjere seg kjent med ein globus

Få litt kjennskap til mattradisjonar på Sri Lanka

Få litt kjennskap til mattradisjonar på Sri Lanka

Få litt kjennskap til mattradisjonar på Sri Lanka

Bli kjent med Sanjana og familien hennar på Sri Lanka

Bli kjent med Sanjana og familien hennar på Sri Lanka

Bli kjent med Sanjana og familien hennar på Sri Lanka

Bli kjent med Sanjana og familien hennar på Sri Lanka

Få litt kjennskap til livet i havet

Få litt kjennskap til livet i havet

Få litt kjennskap til livet i havet

Få litt kjennskap til livet i havet

Få kjennskap til dyrelivet på Sri Lanka.
Synge nye songar.

Få kjennskap til dyrelivet på Sri Lanka.
Synge nye songar.

Få kjennskap til dyrelivet på Sri Lanka.
Synge nye songar.

Få kjennskap til dyrelivet på Sri Lanka.
Synge nye songar.

Få kjennskap til dyrelivet på Sri Lanka.
Synge nye songar.

Alder

1-2 år

2-3 år

3-4 år

4-5 år

5-6 år

Metoder

Fjellet

Musikk, song og dans
Sjå kort filmsnutt frå tema
«Lese» bøker
Fortelle
Forming/ maling
Matlaging - smake

Bygda

Sjå filmane frå tema
Musikk, song og dans
Forming/ teikning
Samtale og samlingsstund
Globus
Temaplansjer og snelle
Matlaging - smake


Fjorden

Sjå filmane frå temaet
Lese bøker/ historier frå tema
Musikk, song og dans
Forming/ teikning
Samtale
Samle inn pengar til Forut sitt arbeid
Lage mat og smake på
Globus og Google earth
Gå tur og plukke søppel

Tema: Barnelitteratur veke: 43 – 47 + 1- 3



Mål



Barnas språk er i stor utvikling i barnehagealder og språket er avgjerande for læring, kommunikasjon og sosiale relasjonar. Arbeid med barns språk er en sentral del av barnehagens kvardag. Tilsette i barnehagen må ha god kunnskap om barns språkutvikling og evne til å forstå barns ulike uttrykksformer, for å skape et rikt og variert språkmiljø i barnehagen



Prøve seg på tekstskaping
Lage bøker/ eventyr. Skrive sitt eige namn
Skrive andre sitt namn.
Enkel dramatisering.

Liksomskrivning
Lytte og gjenfortelle
Høre lydbøker

Liksomskrivning
Lytte og gjenfortelle
Høre lydbøker

Lese og høyre bøker med litt meir tekst

Lese og høyre bøker med litt meir tekst

Lese og høyre bøker med litt meir tekst

Øve på omgrep knytt til songar og øve på å forstå innhaldet i songane

Øve på omgrep knytt til songar og øve på å forstå innhaldet i songane

Øve på omgrep knytt til songar og øve på å forstå innhaldet i songane

Øve på omgrep knytt til songar og øve på å forstå innhaldet i songane

Bruke enkle peike/lesebøker ASK og konkretar

Bruke enkle peike/lesebøker, ASK og konkretar

Bruke enkle peike/lesebøker, ASK og konkretar

Bruke enkle peike/lesebøker, ASK og konkretar

Bruke enkle peike/lesebøker, ASK og konkretar

Alder

1-2 år

2-3 år

3-4 år

4-5 år

5-6 år

Metoder

Fjellet

Lese bøker og eventyr
Lesestund
Forming/ maling
Song og songleikar
Danse
Rytmeinstrument
Bevegelsessongar
Klappe/ trampe/ hoppe
Repetere ord og omgrep
Konkretar og bilde
Leike med ulike språk

Bygda

Lese bøker og eventyr
Rim og regler
Leike med ulike språk
Synge sanger – reflektere over innhaldet
Bruke konkretar og ASK-plansjer for å visualisere
Forming/ teikning

Fjorden

Leikeskriving/ skrivning
Lese bokstavar og ord
Rim og regler
Lære enkelte ord på andre språk
Bruke konkretar – øve begrep
Besøke biblioteket
Eventyr på ulike vis (dans, ballett)
Nynorsk bokkasse
Filosofiske samtalar
Songleikar
Dramatisering



«Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst og stimulerer til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling».

(Rammeplanen, 2017, s 48)



Tema: Jul veke: 48 - 51



Mål 	I desember fokuserer vi ekstra på dei grunnleggjande verdiane i kristen og humanistisk arv og tradisjon oppimot norsk juletradisjon. Målet for desember er å skape samhald gjennom ulike juleaktivitetar. Vi fokuserer på song, musikk, forteljing og ulike opplevingar vi gjer i lag.				Oppleve spenning og glede ved å dramatisere ei julefortelling
				Barna skal få kjennskap til grunnleggjande verdier i kristen, humanistisk arv og tradisjon.	Barna skal få kjennskap til grunnleggjande verdier i kristen, humanistisk arv og tradisjon.
			Skape forventning og glede til julefeiring og juletradisjonar	Skape forventning og glede til julefeiring og juletradisjonar	Skape forventning og glede til julefeiring og juletradisjonar
		Gi barna felles opplevingar rundt juletradisjonane: adventsamling, Lucia-tog og julesongar	Gi barna felles opplevingar rundt juletradisjonane: adventsamling, Lucia-tog og julesongar	Gi barna felles opplevingar rundt juletradisjonane: adventsamling, Lucia-tog og julesongar	Gi barna felles opplevingar rundt juletradisjonane: adventsamling, Lucia-tog og julesongar
		Få kjennskap til nokre omgrep knytt til jul	Få kjennskap til nokre omgrep knytt til jul	Få kjennskap til nokre omgrep knytt til jul	Få kjennskap til nokre omgrep knytt til jul
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metoder

Fjellet	Bygda	Fjorden
Bøker og fortellingar knytt til jul Formingsaktivitetar - julegåver og julepynt Julesongar Felles adventsamlingar Temaplanar og snelle Enkle omgrep knytt til jul Juleevangeliet Nissefest og Lucia Adventskalender	Bøker og fortellingar knytt til jul Formingsaktivitetar - julegåver og julepynt Julesongar Julefilmar Adventskalender nedteljing til jul Adventsamling Temaplanar og snelle Juleevangeliet Nissefest og Lucia	Bøker og fortellingar knytt til jul Formingsaktivitetar - julegåver og julepynt Julesongar Julefilmar Adventskalender nedteljing til jul Adventsamling Temaplanar og snelle Samtale og refleksjon om jul og juletradisjonar Dramatisere juleevangeliet Nissefest og Lucia Kyrkjevandring

«Rammeplanen for barnehagen sei at vi skal la barna få kjennskap til fortellingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn. Barnehagen skal formidle forteljingar og skape rom for opplevingar, samtalar, erfaringar og tankar om religion, livssyn, etikk og eksistensielle tema» (Rammeplanen, 2017. s. 54-55).

SPRÅK OG KOMMUNIKASJON

Språkmiljø i barnehagen

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna få støtte i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening.

Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling (Rammeplanen, 2017 s.23).

Aktivitetar som styrkar barns språkutvikling:

- Gode samtaler
- Rim og regler, dikt og song
- Forteljing , høgtlesing og dialogisk lesing
- Leik
- Utforsking av skriftspråket



Språkmiljø :

Språkmiljøet i barnehagen er avhengig av eit kompetent personale, med gode haldningar og som har interesse for språkutvikling til kvar einskild barn.

Kva kjenneteikne eit godt språkmiljø?

- Å lytte med merksemd og interesse
- Invitere barna med i samtale med opne spørsmål
- Oppmuntre barna til å delta og lytte til andre under lesestund
- Ha bilete/symbol lett tilgjengeleg på avdelinga og i løpet av barnehage kvardagen.

ASK :

Å kommunisere på andre måtar enn gjennom talespråk kallast alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). I barnehagekvardagen brukar vi ASK som ei støtte til språket for alle barna i barnehagen. Barnet får presentert ordet visuelt ved at ein brukar og har bilete/symbol tilgjengeleg gjennom barnehagekvardagen, og den vaksne formidlar ordet verbalt. Barnet får moglegheit til å formidle ved hjelp av peiking på bilete/symbolet, dette kan bidra til mindre frustrasjon i kvardagen.

Personalet går rundt med «sneller» med bilder på.



«Dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine eigne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn» (Rammeplanen, 2017, s.27).

LEIKEN

Gjennom leiken oppnår barn humor og glede, sosiale tilknytningar og relasjonar til andre barn.



Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur.

Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling, der vi i barnehagen skal inspirere og gi rom for ulike typar leik, både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. Personalet i barnehagen skal vere med på å fremje eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede i leik (Rammeplanen, 2017, s. 20).

- Leiken er lystbetont, frivillig, spontan og ikkje målretta.
- Leik er for barnet ”på liksom”, den ligg utanfor den verkelege verda.
- Leik inneber spenning.
- Leik er førebuing til vaksen alder.
- Gjennom leik skaffar barn seg erfaringar og gjer seg kjent med omgivnadane.



Barn i barnehagen skal i følgje Rammeplanen oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt. Dei skal få oppleve, vurdere og meistre risikofyllt leik gjennom kroppslege utfordringar.

Personalet i barnehagen skal gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet. Igjennom dette skal barna få vidareutviklar motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar. (Rammeplanen, 2017, s. 49-50)

Ulike typar leik:

- Sansemotorisk leik/ funksjonsleik, frå 0 år.
- Rørsleleik/ tumleleik, frå ca. 1 år.
- Samleik/ parallelleleik, frå ca. 1,5 år.
- Symbolleik, frå ca. 2 år - 4 år. Regelleik, frå ca. 3 år
- Rolleleik, frå ca. 3 år.
- Fantasileik
- Konstruksjonsleik, frå ca. 3 år.



**Gjennom leik lærer barnet seg sjølv å kjenne,
og utviklar tillit og respekt i forhold til seg sjølv
og kva det er i stand til å meistre av utfordringar.**

